

# ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2008

(Frå 01.11.07 til 31.10.08)

## STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

**Arbeidsutvalet:** Lars Staurset  
Kirsten Aure  
Noralv Bell  
Randi Reppe Bell  
Vara: Torill Steien

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

**Styremedlem:** Sylvfest Bell frå hyttenemnda

**Revisorar:** Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø  
**- personlege varamedl:** Marte Trondsen og Irene Møllersen Bell  
**Rekneskapsførar:** Arild Horrstad  
**Valnemnd:** Atle Bell og Oddny Bell

**Møte:** 1 årsmøte den 05.12.07  
3 styremøte: 28.11.07, 7.2.08 og 22.9.08  
4 møte i arbeidsutvalet: 22.5.08, 18.6.08, 24.8.08, 22.10.08

## Aktivitetar dette året:

### Leikøvingar haust 2007:

Det var 7 øvingar i november - desember; 4 ordinære øvingar, 2 ekstraøvingar og eitt besøk i Rauma. Til øvinga 7. november inviterte vi andre lag. Det var instruksjon i Romsdalsspringar ved Kerstin og Palmer Løkset.

4. desember var vi invitert til Rauma leikarring. 11 deltakarar frå BUL deltok.

### Tre inn i dansen:

BUL var invitert av Molde domkirke til å framføre folkedansmessa Tre inn i dansen, søndag 2. desember 2007. BUL ønska å samarbeide med dei andre leikarringane, som ved tidlegare framføringar. Frå Lyngstad leikarring deltok 15 dansarar, frå Rauma 7, frå Osmarka 3 og frå BUL 19. Totalt 44 dansarar.

På øvinga 14.november vart programmet difor endra til førebuing til Tre inn i dansen. 21. november var øvinga lagt til kyrkja. 1. og 2. desember var det ekstraøvingar i kyrkja. Framføringa var ein del av 50-årsjubileet for Molde domkirke. Instruktør for dansarane var Irene Møllersen Bell. Johan Moen dirigerte Bolsøy Menighetskor. Prest var Magne Furuseth. Samansett orkester.

### Leikøvingar vår 2008:

Det var 18 leikøvingar i vårsemesteret. BUL inviterte andre lag 5. mars. 13 deltakarar drog på besøk til Rauma den 24. april. I mai – juni var det 3 øvingar som førebuing til Havleik 2008.

**Havleik 2008.** BUL Molde søkte tidleg om plass på nordisk stemne Havleik på Færøyane i juli 2008. BUL arrangerte reisa for 18 dansarar og 2 musikarar. Heile gruppa var på 28 deltakarar, av desse 17 BUL-medlemmer. Dansarane var frå laga: Rauma, Lyngstad og Sylte

og Malme. Musikarane var Britt Elise Skram og Jon Villa frå Vike. Deltakarane øvde inn samdansprogrammet og eit eige framsyningsprogram.

**Leikøvingar haust 2008:** Det vart arrangert 7 leikøvingar i september – oktober. Vi inviterte gjester til øvinga den 1. oktober. Det var 8 gjester frå Rauma og to frå Kristiansand.

25. – 26. oktober arrangerte BUL hyttehelg med tilbakeblikk på Havleik 2008 og førebuing til Nordleik 2009. Det var 23 deltakarar og av desse overnatta 7.

Frammøte på vanlege leikøvingar har vore 20 – 25 medlemmar. Det har vore god oppslutning både frå eigne medlemmer og frå andre lag på øvingar med gjester.

Øvingstida er frå kl. 19.30 til kl 22.00. Styret har bestemt at alle skal betale 20 kr i ”kaffepengar”.

#### **Andre aktivitetar:**

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2007 30 stk.
- Bygdaliv: Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. E-post vert sendt til ca. 60 kontaktpersonar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- Dugnad på Reknes Ungdomshus 29. april
- Dugnad på BUL-hytta 6. mai.

#### **Utendingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement.**

- 3. november. Leikfest i Sylte og Malme ungdomslag. Ca 20 deltakarar frå BUL.
- Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag 5. april. Ingen utendingar frå BUL.
- 9. - 11. mai. Rørosleken. 4 deltakarar.
- 5. juni. Generalforsamling i Reknes ungdomshus.
- 9. – 13. juli: 17 dansarar på Havleik 2008.

6. desember 2007 døydde mangeårig medlem i BUL, Kjell Heggem. Fleire av medlemmane deltok i gravferd og minnestund 14. desember på Osmarka.

**Instruktør dette året har vore:** Irene Møllersen Bell

Det har vore noko betre oppmøte på øvingane enn åra før. Øvingane er prega av høgt aktivitetsnivå og god stemning. Medlemmene i BUL meiner at god og variert instruksjon gjer leikøvingane attraktive og instruktøren fortener stor takk for innsatsen.

#### **Medlemstal:**

Pr 31.10.08 hadde BUL Molde 44 medlemmar.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 130 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Randi Reppe Bell

Noralv Bell

Kirsten Aure